

Eg viser til krav om innsyn i kommunikasjon mellom Kvinnherad kommune og Rambøll AS i samband med ny tilsynsrapport på eignedommen. Denne er lagt ved.

Dokument vedkommande oppdraget til Sweco er også lagt ved. Det er gjort avtale med Sweco Norge AS om gjennomføring av uavhengig ekstern vurdering. Kvinnherad kommune legg ikkje særskilte føringar for Sweco sin metodikk i utføring av oppdraget, mykje grunna omsynet til uavhengigheit. Kommunen vil formidle dykkar ønakje om synfaring mm. til Sweco slik at dei kan vurdere dette sjølv innafor rammene av oppdraget.

Når det gjeld søknad om mellombels bruksløyve for deler av tilbygget vert saka handsama på vanleg måte, og dersom det er manglar ved dokumentasjon eller anna så vil det bli følgt opp slik vi handsamar alle saker om ferdigattest. I sakssystemet finn eg at saka er motteken, men at mottakskontroll ikkje er sett i gong.

Spørsmålet knytt til gjødselvereforskrifta må eg få koma attende til, då det er Landbrukskontoret som har denne forskrifta delegert.

Med venleg helsing

Synnøve Handeland | *Avdelingsleiar arealforvaltning*

Mobil: +47 40 40 49 73

www.kvinnherad.kommune.no |



Ver merksam på at all dialog på e-post som er arkiverdig etter arkivlova, vil bli registrert i vår offentlege postjournal.